



Voss og omland LOP

Lokallag for : Ulvik, Vaksdal og Voss
under

LANDSFORBUNDET FOR OFFENTLIGE PENSJONISTER

Internett adresse: www.lop.no

Årsmelding 2025 for Voss og omland LOP

Styret for 2025:

Leiar: Gunnvor Børsheim Lindland
Nestleiar: Torunn Langmyhr Ringheim
Kasserar: Terje Pedersen
Skrivar: Knut Farestveit
Styremedlemer: Astrid Holtekjølen, turkontakt
Asle Nesheim
Annlaug Stalheim

Varamedlemer: Ingebjørg Reisæter Skorpen
Agnar Lundblad
Einar Horvei

Revisor: Ola Folkestad, vara Klara Skaare Laupsa

Valnemnd: Kolbjørn Blikås
Inger Birkeland
Grete Marie Vikan

Medlemstal.

Ved utgangen av 2025 har laget 157 medlemer, mot 177 året før.

Årsak til utmelding er for det meste høg alder og/eller sjukdom/død.

Det er 2 medlemer frå Ulvik, 2 frå Vaksdal og dei resterande 153 frå Voss.

Styremøte

Styret har hatt 4 styremøte og handsama 27 saker. Det har vore kommunikasjon gjennom året via telefon, SMS og e-post i tillegg til styremøta.

Medlemsbrev

Det er sendt ut 5 medlemsbrev på e-post. Medlemsinformasjon etter årsmøtet, innkreving av kontingent for 2025, 2 skriv om turane som er arrangerte i løpet av året og informasjon om sentral innbetaling av kontingent frå 2026.

Elles ligg det informasjon om møte, turar med referat og årsmelding for 2024 på heimesida til laget på lop.no

Medlemsmøte

Årsmøtet

Årsmøtet vart halde 13.februar kl. 17.00 i Velferdsentralen.

Naturfotograf Arne K. Mala viste bilete frå året rundt med kommentarar til. Det var både naturfoto og bilete av dyr og fuglar, både frå Voss og andre stader i landet.

Det var informasjon om aktuelle saker frå LOP sentralt og om arbeidet vårt lokalt.

Årsmøtet vart elles gjennomført i samsvar med vedtektene. Matøkt og loddsal til slutt .

Haustmøtet

Møtet vart halde 5.november 2025 i Velferdssentralen. To tilsette frå Voss Sparebank, Renate Fossmark Pedersen og Kariline Midttun Clausen, heldt eit interessant og ikkje minst aktuelt foredrag om «Svindel og nettvit». Møtet var annonsert i Hordaland men det er tydelegvis få som les papiravisa, så det skulle sjølvstøtt vore sendt ut epost til alle medlemmer i tillegg. Det var berre 9 frammøtte og mange visste ikkje om møtet diverre. Servering og utlodding.

Sentrale saker som vedkjem Voss og omland LOP

LOP sentralt har arbeidd i fleire år med å skaffa eit medlemssystem som alle lag skal vera knytt til. I 2025 bestemte sentralstyret å kjøpa inn StyreWeb som skal takast i bruk frå 2026.

Alle medlemmer skal over til systemet, og frå 2026 vil kontingenten verta kravd inn sentralt.

LOP sentralt ønskte at alle lag skulle vera med på informasjon om systemet. Dette skulle føregå på Teams 4.november 2025. Knut Farestveit som er vara til sentralstyret, har delteke på fleire møte på Teams, så han var inne på datamaskinen sin. Kasserar Terje Pedersen og leiar følgde med på gjennomgåinga som tok 1 og ½ time.

Medlemslista for Voss er no inne i systemet. Leiar og kasserar har tilgang til StyreWeb. Laget har og tilgang til rekneskapsmodul.

Nestleiar Torunn Langmyhr Ringheim møtte på leiarsamling i Oslo i september. Det er første gong det vert arrangert ei slik samling og var eit vellukka tiltak.

Lokale saker

Astrid Holtekjølen og Torunn Langmyhr_Ringheim hadde eit godt innlegg i Hordaland 16.mai 2025 med tittelen «Eldreomsorg i Voss Herad».

Nestleiar oppdaga at Voss Pensjonistlag var kalla inn til felles møte med kommunen. Fleire pensjonistlag skulle og vera med. Voss LOP hadde ikkje fått invitasjon.

Leiar sende epost om saka til ordførar. Fekk grei tilbakemelding og samstundes brev om eit samhandlingsmøte med pensjonistlaga 7.oktober 2025 om omsorgsbustader.

Leiar var til stades på møtet.

Turar

Sommarturen med overnatting var dette året planlagt til Sogn med stopp på Bremuseet i Fjærland, vidare til Austruptunet og overnatting i Jølster. Omvising på Eikaas Galleri og heim over Gaularfjellet med stopp i Balestrand for lunsj. Diverre var det for få påmelde til at turen kunne arrangerast.

21. august vart det arrangert *dagstur* til Guddal og Rosendal.

22 deltok, både medlemmer og andre.

Første stopp var Guddalstunet der me vart tekne godt imot av eigaren, Gøril Guddal.

Ho viste oss rundt på tunet og fortalde om kunstutstillingane som var der no. Me fekk god tid til å gå rundt på eiga hand og i butikken for dei som ville ha kunst med seg heim.

Så var det lunsj før me reiste vidare til Baroniet i Rosendal der me fekk ei framifrå omvising.

Kake og kaffi i rosehagen før turen gjekk heimatt til Voss. Gode tilbakemeldingar frå turdeltakarane.

Laget sponsa medlemmer med 200kr.

Referat frå turen finst på heimesida vår. Det skulle og ha vore med i siste nr. av VI i LOP, men vil no koma i nr. 1 i 2026.

Økonomi

Laget har brukbar økonomi . Hjelper på at me har lokal kontingent.

Kontingent.

Total kontingent for 2025 var **495 kr.** Lokal kontingent 100kr. som tidlegare.

Kontingenten vart kravd inn lokalt i 2025. Sidan det er uråd å bruka tidlegare innbetalingsgiroar, vart krav om innbetaling av kontingent sendt ut på eigen epost/brev.

Eldrerådet

Ragnhild Mølster Lidal er laget sin representant i Eldrerådet. Knut Farestveit er varamedlem.

Dei er valde for valperioden 2023-2027.

Samarbeid med andre pensjonistlag.

Bergen og omland LOP ynskjer medlemmer frå Voss velkomne på møta sine . Det gjeld og på turar dei arrangerer. Har til vanleg turar både innanlands og utanlands.

Det har så langt ikkje vore samarbeid med pensjonistlaga på Voss.

Laget vart invitert på konsert og basar av Voss Musikklag i haust.

Planar vidare

Styret ynskjer å halda fram arbeidet slik me har gjort.

Medlemsmøte på hausten og årsmøte i februar.

Vår/tidleg sommar tur med ei overnatting. Er det for dårleg påmelding til slike turar, må me vurderer om me skal halda fram Det er fint om medlemene kjem med innspel til kva dei ynskjer.

Event dagstur for ulike kulturopplevingar. Fint om medlemene kunne koma med synspunkt, idear.

Me vil elles engasjera oss med brev og avisinnlegg i saker som gjeld eldre/pensjonistar der me finn sakene relevante. M.a. heimlane på Voss for augne- og hudlækjar vert det viktig å fylgja med på.

Me tek meir enn gjerne i mot tips og ynskje frå medlemene til andre aktivitetar og saker som laget bør engasjera seg i.

Voss, 20.01.2026

Gunnvor Børsheim Lindland
Gunnvor Børsheim Lindland, leiar

Torunn Langmyhr Ringheim
Torunn Langmyhr Ringheim, nestleiar

Knut Farestveit
Knut Farestveit, skrivar

Terje Pedersen
Terje Pedersen kasserar

Astrid Holtekjolen
Astrid Holtekjolen, styremedlem

Asle Nesheim
Asle Nesheim, styremedlem

Annlaug Stalheim
Annlaug Stalheim, styremedlem